



Ørskog kommune

- den gode kommunen der folk trivst og kjenner seg trygge

Årsmelding 2019



Innhold

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR.....
UTVIKLINGSTREKK 2019 - STATISTIKK OG NØKKELTAL.....
ØRSKOG KOMMUNE - POLITISK ORGANISERING.....
ØRSKOG KOMMUNE – ADMINISTRATIV ORGANISERING.....
ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR.....
REKNESKAPSMESSIG RESULTAT
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN.....
KOMMUNELEIING OG STAB
KOMMUNAL PLANLEGGING.....
OPPVEKST.....
HELSE.....
NAV STORFJORDEN - ØRSKOG
PLEIE OG OMSORG.....
TEKNISKE TENESTER.....
LANDBRUKSFORVALTNINGA.....
KYRKJELEGE FORMÅL OG ANDRE TRUDOMSSAMFUNN.....

Rådmannen sin kommentar

2019 er eit svært spesielt år for Ørskog kommune, som det siste driftsåret som sjølvstendig kommune. Frå 01.01.2020 går Ørskog kommune inn i historia, og vert ein del av den nye Ålesund kommune.

Både administrativt og politisk har arbeidet i 2019 vore prega av både det vi skal avslutte og det vi skal starte opp. Det har vore stort fokus på å få ferdigstilt ulike prosjekt ein har arbeidd med i Ørskog kommune over tid. Samtidig har det prega organisasjonen at mange, både politikarar og tilsette, har vore involverte i planlegging og klargjering av ein ny kommuneorganisasjon.

Det har i det siste driftsåret vore stor politisk vilje og høg aktivitet knytt til realisering og gjennomføring av ulike prosjekt, mellom anna desse:

- Tettstadprosjekt og ny reguleringsplan for Sjøholt sentrum
- Nytt idrettsanlegg for fotball og friidrett, i samarbeid med Ørskog idrettslag
- Restaurering av Ørskog kulturhus
- Ulike vegprosjekt, mellom anna ny Solnør dal bru
- Tilrettelegging for bustadbygging gjennom utbyggingsavtalar og bidrag til etablering av infrastruktur

Økonomisk vart 2019 eit utfordrande driftsår for Ørskog kommune med eit rekneskapsmessig meirforbruk, hovudsakleg på grunn av for høge driftsutgifter i tenesteproduksjonen. For Ørskog kommune isolert er dette dramatisk, også fordi ein no har lite disposisjonsfond å falle tilbake på. Omstillingsarbeid med fokus på meir effektive tenester innanfor dei aller fleste område må halde fram i komande år i ny kommune, der administrasjonen, øvrige tilsette og politikarar vil verte utfordra på å stå saman for å kome i mål! Ein kjem nok ikkje utanom å måtte redusere nivå, omfang og forventningar til dei kommunale tenestene. Dette er utfordringar som heile kommune-Norge står framfor. Viktige element i omstillingsarbeidet vil også vere å implementere nye digitale verktøy, herunder velferdsteknologi, i tenestene til innbyggjarane.

Når det gjeld organisasjonen Ørskog kommune har vi i dei seinare åra arbeidd med eit sterkare resultatfokus gjennom ei tettare samordning mellom overordna planverk og våre styringsdokument for drifta, økonomiplanen og verksemdsplanar.

Innføring av eit heilheitleg styringssystem må gjerast over tid, og her har skjedd store endringar dei siste åra. Grunnelementa i styringssystemet er på plass, og har

sett seg i organisasjonen. Vi har teke i bruk nye verktøy for å kartlegge tilfredsheit mellom både tilsette og brukarar, og vi nyttar samanlikningstal systematisk for å finne rette nivået på våre tenester. Årlege medarbeidarkartleggingar, brukarundersøkingar, kvalitetssamtalar og dialogmøte mellom politikarar, administrativ leiing og tillitsvalde er andre element i styringssystemet. Å betre det tverrfaglege samarbeidet på tvers av einingar og sektorar har den seinare tida kome meir i fokus, og vi har fleire prosjekt på gang med dette som mål. Dette er kunnskap og ferdigheter som organisasjonen tek med seg inn i arbeidet med bygging av tilsvarende system i ny kommuneorganisasjon.

Kartleggingar har vist at våre tilsette jamnt over er tilfredse med arbeidsforholda. Vi har framleis eit svært lavt sjukefråver. Vi har bak oss år med store omstillingss prosessar og nedbemannning innanfor dei store tenesteområda. I heile organisasjonen er det framleis store krav til omstilling og effektivisering. I tillegg har mange tilsette i 2019 opplevd å «stå i spagaten» i forhold til å oppretthalde forsvarleg drift og utvikling i eiga kommune, samstundes som det har vore krevd store bidrag i bygginga av den nye Ålesund kommune. Årsmeldinga du no les viser at det vert gjort mykje godt arbeid i kommunen. Dette er eit lagspel mellom den enkelte innbyggjar, næringsliv, politikarar/tilsette i kommunen, og dei frivillige lag- og organisasjonar. Eg vil nytte høvet til å takke alle for god innsats og godt utført arbeid i 2019😊

Eg vi også nytte høvet til å takke for eit godt og konstruktivt samarbeid med både tilsette og politikarar gjennom mine sju år som rådmann i Ørskog kommune. Ei spesiell takk går til vår siste ordførar, Knut Harstad!

Ørskog, mars 2020

Synnøve Vasstrand Synnes

Rådmann

Utviklingstrekk 2019 - Statistikk og nøkkeltal

KOSTRA


KOSTRA står for KOmmune-STat-RApporting, og omfattar økonomi- og tenesteproduksjonsdata frå alle landets kommunar. KOSTRA-tala vert nytta som grunnlag for framstilling av nøkkeltal for Ørskog og andre kommunar som har visse felles kjenneteikn.

KOSTRA-statistikk er gjennomgåande brukt i årsmeldinga for å seie noko om driftsnivået til Ørskog kommune samanlikna med andre kommunar. I denne årsmeldinga har ein valgt å samanline med dei andre kommunane som frå 01.01.2020 er ein del av Ålesund kommune.


FOLKETALSUTVIKLING 2016 – 2019 OG FRAMSKRIVING TIL 2030

	2019	2018	2017	2016
Folketetalet pr. 1. januar	2250	2267	2296	2310
Fødde	19	22	19	25
Døde	21	16	21	25
Nettoinnflytting	(6)	(23)	(27)	(14)
Folketal ved utgangen av året	2254	2250	2267	2296

Meir om folketalsutvikling, befolkningssamansetjing etc kan ein lese her: <http://www.ssb.no/kommunefakta/orskog>




Folketalsutvikling, 2000 til 2019 og framskriving til 2030




Ørskog kommune - politisk organisering

Kommunestyret vedtok politisk styringsmodell i 2011.

Organisasjonsmodellen er slik:



Ørskog kommune – administrativ organisering



Organisasjon og medarbeidarar

ØRSKOG KOMMUNE – TAL PÅ TILSETTE - ÅRSVERK PR. 31.12.2019

Ørskog kommune har 241 tilsette i definerte stillingsprosentar (fast tilsette + engasjement/vikarar) – dette utgjer 168 årsverk.

	2019	2018	2017	2016
Talet på årsverk	168	171	174	171
Talet på tilsette	241	247	247	243
Talet på kvinner	191	198	197	193
% del kvinner	79,25	80,16	79,76	79,42
Talet på menn	50	49	50	50
% del menn	20,75	19,84	20,24	20,58
Talet på kvinner i høgare stillingar	86	91	92	86
% del kvinner i høgare stillingar *	76,79	80,53	80,00	76,11
Talet på menn i høgare stillingar	26	22	23	27
% del menn i høgare stillingar	23,21	19,84	20,00	23,89
Tilsette på pensjonistvilkår**	2	3	8	11

*Høgare stilling vil her seie: Tilsette med minimum 3-årig høgskule og/eller personleg avlønning.

** Tilsette på pensjonistvilkår – 2 kvinner, tilsett i ein definert stillingsprosent, men som eit engasjement, ikkje fast tilsetjing

Undervisningspersonell: 39 stk. (40 stk. i 2018)
 Turnuspersonell: 89 stk. (86 stk. i 2018)
 Anna personell: 113 stk. (121 stk. i 2018)

LIKESTILLING - DELTID

Av dei 241 tilsette i Ørskog kommune er 191 tilsette kvinner, 50 tilsette er menn. Av dei 12 leiarane i rådmannen sitt leiarforum er 9 av desse kvinner. Tabellen under viser kjønnsfordeling i dei ulike tenesteområda.

Fast tilsette i heiltid og deltid	100% stilling menn	100% stilling kvinner	Deltidsstilling menn	Deltidsstilling kvinner	Totalt
Heimetenestene		6	1	14	21
Butenestene		6	3	21	30
Ørskog sjukeheim		8	3	23	34
Helseavdelinga	1	5	2	9	17
Ørskog skule	14	17	1	16	48
Årøyhaugen bhg		9		7	16
Landbruk	1	1			2
PPT		4		3	7
Teknisk avdeling	7	6	1	3	17
Brannvern			18		18
Sosial					
Sørvis/Sentraladm. *		10	3	6	19
Totalt	23	72	32**	102**	229**

* Inkl. Frivilligentralen/Bibliotek

** 229 fast tilsette – inkl. 9 tilsette som er tilsett i forskjellige einingar (6 menn og 3 kvinner)
 – 220 fast tilsette tilsaman (49 menn og 171 kvinner).

DELTID

Det er eit mål å redusere uønska deltid i Ørskog kommune, særleg innan helse og omsorg, barnehage- og reinhaldstenestene. Av 171 kvinner som er fast tilsett er det 72 som arbeider heiltid, og dei resterande arbeider deltid. Utfordringane er i hovudsak turnusproblematikk, og at mange av dei tilsette ikkje har muligkeit eller ønske om å arbeide i fleire tenesteområde eller auke til 100% stilling. Ved omlegging av turnus og ved ledige stillingar har leiarane fokus på hovudregel om å tilsette i full stilling.

Av 49 menn som er fast tilsett er det 23 som arbeider heiltid. Deltidsstillingane for menn finn vi i hovudsak innanfor brannvern. Som det vert vist til har den kjønnsmessige fordelinga på stillingar endra seg lite over tid.

FAST TILSETTE	2019	2018	2017	2016
Tal på tilsette i deltidsstillingar	125	117	129	123
Tal på kvinner i deltidsstillingar	99	94	105	104
% del kvinner i deltidsstillingar	79,2	80,34	81,4	84,55
Tal på menn i deltidsstillingar	26	23	24	19
% del menn i deltidsstillingar	20,8	19,66	18,6	15,45

Tidlegare kartleggingar syner at eit fleirtal av personane i deltidsstillingar arbeider frivillig deltid. Dette kan ha ulike årsaker. Tendensane viser at fleire ønskjer å styre fritida deltidsarbeidet gir, ved at ein i staden «shoppar» vakter etter behov, eller at ein av private årsaker ikkje ønskjer 100% stilling. Ved ufrivillig deltid ser ein ulike tendensar. Nokre ønskjer å utvide stillinga si, men likevel slik at det framleis vil bli definert som ein deltidsstilling. Andre tendensar er ønskje om utviding av stilling, som ikkje samsvarar med helse og funksjonsnivået til den enkelte. Utfordrande element som ein må arbeide vidare med for å skape ein heiltidskultur vil vere t.d. korleis ein lyser ut stillingar (heiltid/deltid), og få til gode turnustekniske løysingar som ivaretake tenestene som skal leverast til innbyggjarane på ein god måte ut frå behov.


HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

Leiarar og tilsette i Ørskog kommune er våre viktigaste ressursar som skal vidareutviklast og takast vare på spesielt i overføringa til ein ny kommune.

Dette inneber at helse-, miljø og tryggleiksarbeidet (HMS)-arbeidet vert styrt og fulgt opp målretta og systematisk. I samarbeid med Stamina bedriftshelseteneste og NAV Arbeidslivssenter Møre og Romsdal vert det gjort regelmessige kartleggingar av arbeidsmiljøet ute i einingane. Fleirtalet av desse undersøkingane har svært gode resultat. Bedriftshelsetenesta er også ein god samarbeidspart i forhold til utviklingsarbeid, og ein har etablert ei samarbeidsform som fungerer godt. Det systematiske HMS-arbeidet er med på å sikre eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø med mogleigheter for fagleg og personleg utvikling basert på den enkelte sine føresetnader, behov og livssituasjon. Vår verksemnd har nulltoleranse mot mobbing og trakkassering. Vi forventar at alle melder frå om feil og manglar og varslar om kritikkverdige forhold og bidreg til at forhold som ikkje er tilfredsstillande blir forsvarleg handtert.

Eit kontinuerleg HMS-arbeid bidreg til god tenesteyting og kan gje stor gevinst i form av auka produktivitet. Godt arbeidsmiljø er med på å sikre dei tilsette si helse, høg grad av trivsel og lågt sjukefråvær.

I tillegg til høg HMS aktivitet som er utført av verksemndene sjølv, har vi gjennomført høg aktivitet med bistand frå bedriftshelsetenesten Stamina.



Diagrammet viser leverte tenester i prosent på dei ulike tenesteområda. Det er levert for totalt 364 676 kroner i 2019.

INKLUDERANDE ARBEIDSLIV (IA)

Leiarane saman med tilittsvalde, tilsette og vernetenestene i Ørskog kommune har over mange år hatt høgt trykk på og utført eit positivt arbeid med å ivareta høgt nærvær på arbeidsplassen, samt tilrettelegge og tilbakeføre arbeidstakarar med sjukefravær til arbeidsplassen – eit inkluderande arbeidsliv. Det totale sjukefråværet i 2019 var på 6,0 %. Mål for heile organisasjonen i 2019 var sett til 6,0 %.

Sjukefravær	Eigenm. 1 – 24 d.	Sjukm. 1 – 16 d.	Sjukm. 17 – 360 d.	Totalt
2019	1,1	0,6	4,7	6,4
2018	1,0	0,6	4,6	6,2
2017	1,0	0,7	4,5	6,2
2016	1,0	0,6	4,5	6,1

* Ansvar politisk, læringsplassar og brannvern er ikkje tatt med

Statistikk utarbeidd av Ørskog kommune. Viser utvikling av % eigemeldt og legemeldt sjukefråvere av tilsette i kommuneorganisasjonen.

MEDARBEIDERKARTLEGGING

Det vart ikkje gjennomført ei medarbeiderkartlegging i Ørskog kommune i 2019. Dette vart prioritert bort pga høg aktivitet og arbeidsbelastning på fleire nivå i organisasjonen knytt til etablering av ny kommune.

Tidlegare år har det rutinemessig vore gjennomført slik kartlegging, der alle tilsette i organisasjonen vart inviterte til å svare på spørsmål knytt til tilsetjingsforholdet og arbeidskvardagen. Målsetjinga er at slik kartlegging skal gjennomførast systematisk kvart år, og at resultata skal nyttast som ein del av kommunen sitt samla styringssystem med tanke på planlegging av tiltak og evaluering av måloppnåing. Resultata av medarbeiderkartlegginga har vore fulgt opp på dei einskilde tenesteområda kvart år. Erfaringsmessig har desse kartleggingane vist ein generell auke i snitt for tilfredsheit for dei ulike variablane det er stilt spørsmål om.

Rådmannen har fulgt opp arbeidet med kvalitetssamtalar med alle einingsleiarar. Slike kvalitetssamtalar med leiinga på einingane vart også gjennomført i 2019, som eit ledd i det samla styringssystemet for Ørskog kommune.

INTERNKONTROLL

Ørskog kommune har bruk KF Kvalitetssystem som internkontrollsysteem, med eigen modul for avviksmeldingar og avvikshandtering. Dette er ei elektronisk plattform, der informasjon, rutinar og reglement, skjema etc. skal vere lett tilgjengeleg for alle tilsette i organisasjonen. Ingen skal vere i tvil om kva reglar som gjeld og korleis ein skal forhalde seg til desse.

REKRUTTERING - KOMPETANSEHEVING

Ørskog kommune har til no ikkje hatt nemneverdige utfordringar med å rekruttere til ledige stillingar. Dei tilsette i organisasjonen har høg kompetanse og kommunen legg vekt på å tilrettelege for etter- og vidareutdanning som organisasjonen har behov for. God kompetansemix i forhold til utfordringar og oppgåver vert sett på som like viktig som individuell høg kompetanse.

TILLITSVALDE OG VERNEOMBOD

Felles mål for arbeidsgivar, tillitsvalde og verneombod er å skape eit best muleg samarbeidsgrunnlag, forståing og praktisering av lov- og avtaleverk i det daglege. Dette for å sikre gode prosesser mellom partane og for ein positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet skal vere basert på tillit og gjensidig forståing for kvarandre sine roller.

Kommunen har tilsette knytt til 11 forskjellige arbeidstakarorganisasjonar, der Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund har flest medlemmar og frikjøp av tid til hovudtillitsvalde. Rådmannen og ass. rådmann har månadlege møte med dei tillitsvalde og hovudverneombodet.

Kommunen har hovudverneombod og 9 verneombod som dekker dei forskjellige verneområda. Ass. rådmann gjennomfører verneombodets dag og har faste møter med verneomboda.

Dei tillitsvalde og verneomboda vert elles nyttta aktivt i ulike arbeidsgrupper, som har til formål å drive med organisasjonsutviklingsarbeid. Eit sentralt arbeid i året som har gått har vore å bygge «nye» Ålesund kommune, ta hand om nødvendige driftsoppgåver og avvikle Ørskog kommune.

ETIKK

Ørskog kommune har ikkje utarbeidd etiske retningslinjer som omfattar alle i organisasjonen, dvs. både tilsette og politikarar.

Vedteken arbeidsgjeverpolitikk for Ørskog kommune stiller krav til tilsette i organisasjonen:

- arbeidstakar skal vere lojal til lovleg fatta vedtak, følgje desse, medverke til sjølv å gjennomføre det vedtaket tilseier
- arbeidstakar skal ikkje gjennom si stilling, rolle eller funksjon, generelt eller i forhold til interne system, ta imot noko eller på annan måte utnytte dette til eigen eller andre si vinning, slik at det kan oppstå tvil om habilitet, objektivitet eller truverde
- aktivt medverke til god ressursutnytting
- ta opp etiske dilemma / tvil med nærmeste overordna
- representera kommunen og sin arbeidsgjever på ein best mogleg måte i alle samanhengar
- ikkje utan overordna sitt samtykkje ta på seg andre lønna oppgåver, ha anna arbeid eller utøve anna inntektsgjevande verksemد som kan medverke til å svekke objektiviteten til den einskilde eller organisasjonen,
- til ei kvar tid og i alle situasjonar opptre og handle til arbeidsmiljøet sitt beste og naturmiljøet sitt beste ut frå eigen oppfatning og organisasjonen si verdiforankring
- stille krav til seg sjølv og kva den einskilde kan medverke med til organisasjonen sitt beste,
- oppmuntre til initiativ og akseptere ”prøve – feile” kultur
- arbeidstakarane har eit sjølvstendig ansvar for aktivt sjølv å søkje informasjon

Rekneskapsmessig resultat

Drift:

Økonomisk oversikt drift viser

Brutto driftsresultat: kr. - 13 155 236

Netto driftsresultat: kr. - 14 536 333


Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk: kr. - 5 566 663

Investering:

Økonomisk oversikt investering for 2019 syner eit investeringsrekneskap i balanse.

Finansieringsbehovet var kr 50 638 961, av dette finansiert ved lån 32 973 037.

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	2,1 %	5,1 %	0,9 %	-2,1 %
Haram (-2019)	0,3 %	2,0 %	-0,4 %	-1,6 %
Skodje (-2019)	3,5 %	3,8 %	3,0 %	-2,4 %
Sandøy (-2019)	1,5 %	2,6 %	-1,6 %	
Ørskog (-2019)	0,3 %	2,2 %	-1,9 %	-7,0 %
Kostragruppe 13	4,3 %	4,0 %	1,9 %	1,5 %

ØKONOMISKE HOVUDTAL

Ørskog kommune hadde i i 2019 eit negativt netto driftsresultat tilsvarende 7 % av brutto driftsinntekter.

I kommunelova § 46 nr. 6 står det at «*Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*» Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinntekter viser kor stor prosentdel av kommunen sine driftsinntekter som er til disposisjon til nødvendige avsetninger til fond, samt avsetjing til eigenkapital til investeringar m.v. Netto driftsresultat i kommunane bør i følgje teknisk berekningsutval vere på minst + 1,75 %.

UTDRAG AV ØRSKOG KOMMUNE SIN REKNESKAP FOR 2019

Rekneskapsskjema 1A Drift (I heile kroner)	Rekneskap 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Regulert budsjett 2019	Avvik Reg.budsjett 2019	Rekneskap 2018
Skatt på inntekt og formue	-62 662 319	-58 668 000	-58 668 000	-3 994 319	-60 207 900
Rammetilskot	-76 599 000	-78 060 000	-78 060 000	1 461 000	-75 794 436
Inntektsutjamning	-5 322 362	-5 829 000	-5 829 000	506 638	-5 653 010
Investeringskompensasjon				0	
Vertskommunetilskot HVPU	-11 247 210	-11 200 000	-11 200 000	-47 210	-11 860 300
SUM FRIE INNTEKTER	-155 830 891	-153 757 000	-153 757 000	-2 073 891	-153 515 646
Renteutgifter	8 945 115	8 650 000	8 650 000	-1 444 505	7 205 495
Avdrag på lån	13 485 626	12 500 000	12 500 000	985 626	11 115 261
Tap på fordringar og garantiar	10 332	50 000	50 000	-39 668	33 712
Andre gebyr	-25 615				56 500
Kalkulatoriske renter og avdrag	-1 670 224	-1 729 952	-1 729 952	59 728	-1 422 389
Investeringskompensasjon	-824 449	-900 000	-900 000	75 551	-815 246
Renteinntekter	-1 548 399	-1 500 000	-1 500 000	-48 399	-1 224 317
Aksjeutbytte	-2 674 865	-1 200 000	-1 250 000	-1 424 865	-2 171 221
NETTO FINANSUTGIFTER	15 697 521	15 870 048	15 820 048	-122 527	12 777 795
Dekking av underskot frå tidlegare					
Avsetjing til disposisjonsfond	0	2 000 000	0	0	3 565 909
Avsetjing til bundne fond	47 006			47 006	70 663
Bruk av overskot frå tidlegare år	0	0	0	0	-4 761 435
Bruk av disposisjonsfond	-6 295 000	-1 575 000	-6 295 000	0	0
Bruk av bundne fond	-2 026	0	0	-2 026	0
Overført til investeringsrekneskapen				0	
NETTO AVSETJINGAR	-6 250 020	425 000	-6 295 000	44 980	-1 124 863
				0	
TIL FORDELING DRIFT	-146 383 390	-137 461 952	-144 231 952	-2 151 438	-141 862 714
Sum fordelt til drift	151 950 053	137 461 952	144 231 952	7 718 101	141 862 717
Rekneskapsmessig meirforbruk	5 566 663	0	0	5 566 663	3

Rekneskapsskjema 1B Drift (I heile kroner)	Rekneskap	Opprinnelig budsjett	Regulert budsjett	Avvik Reg.budsjett	Rekneskap
	2019	2019	2019		2018
Tilskot soknerådet/livssynsorg.	1 672 896	1 685 000	1 685 000	-12 104	1 881 892
Avsetjing til lønsoppgjer	-	1 800 000	-336 331	336 331	-
Pensjonspremie/premieavvik	-1 247 999	-	-	-1 247 999	34 162
Fellespost læringsplassar	148 020	249 284	249 284	-101 264	96 208
Ørskog samfunnshus	254 354	415 846	415 846	-161 492	382 262
Ørskoghallen	440 285	-60 500	9 500	430 785	529 647
Beredskap/Driftstilskot Åknes/Tafjord IKS	489 261	384 571	384 571	104 690	388 788
Disposisjonspost formannskapet	37 500	55 000	55 000	-17 500	33 000
Politisk leiing og kontroll	2 170 076	2 763 620	2 513 620	-343 544	2 511 132
Administrasjon	11 473 826	10 797 044	11 219 687	254 139	10 653 445
IKT	3 272 537	3 071 981	3 071 981	200 556	3 230 561
Løvingar til ikkje lovpålagde oppgåver	354 500	794 969	822 370	-467 870	374 500
Fritidsklubb	124 137	141 570	142 936	-18 799	126 548
Skulane i Ørskog	30 704 888	26 652 156	27 966 139	2 738 749	27 011 605
PPT	1 279 833	1 295 554	1 295 554	-15 721	1 239 604
Privat barnehage	9 762 035	9 500 000	10 400 000	-637 965	9 090 578
Barnehagekostnadar andre kommunar	690 670	350 000	350 000	340 670	562 189
Årøyhaugen barnehage	8 551 402	7 369 334	7 930 966	620 436	7 922 301
Helseavdeling	7 656 569	7 351 000	7 468 943	187 626	7 420 265
Sosialtenesten	3 722 480	3 620 000	3 620 000	102 480	3 415 469
Barneverntenestene	4 442 271	3 500 000	3 500 000	942 271	3 674 146
Bu- og habiliteringstenestene	15 148 462	11 862 410	12 866 752	2 281 710	13 120 630
Heimetenestene	13 202 239	11 750 776	12 690 386	511 853	12 116 575
Ørskog sjukeheim	19 967 148	17 492 644	18 805 087	1 162 061	18 965 736
Ørskog folkebibliotek	511 799	393 000	438 174	73 625	406 874
Disposisjon tenesteutvalet	7 000	20 000	20 000	-13 000	3 000
Teknisk avdeling	9 632 779	7 036 239	9 088 393	544 386	10 363 588
Eigedomsforvaltning	7 139 977	6 564 770	6 907 829	232 148	5 784 165
VAR	-205 141	-	44 581	-249 722	77 528
Nordre Sunnmøre landbrukskontor	546 249	605 684	605 684	-59 435	446 319
TOTALT	151 950 053	137 461 952	144 231 952	7 718 101	141 862 717

Rekneskapsskjema 2A Investering (i heile kroner)	Rekneskap	Budsjett oppriinneleg	Budsjett regulert	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
Investeringar i anleggsmiddel	43 726 067	38 250 000	86 387 293	61 995 220
Utlån Fylkeskommune	0			8 256 396
Andel i KLP	763 524	600 000	600 000	845 691
Andelar	63 000	0	0	25 000
Utlån startlån	2 295 208	1 000 000	1 000 000	2 134 792
Andre utlån	1 400 000		1 400 000	
Avdrag på lån	1 987 666	2 000 000	2 000 000	2 138 906
Dekning av tidlegare års udekket				
Avsetninger - ubunde	400 000	400 000	400 000	402 313
Avsetninger - bunde	3 496	0	0	1 151 855
Årets finansieringsbehov	50 638 961	42 250 000	91 787 293	76 950 173
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	-32 973 037	-29 400 000	-65 150 062	-54 005 870
Innlån frå Husbanken	-2 295 208			-2 134 792
Inntekter frå salg av anleggsmiddel	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-4 040 327
Tilskot til investeringar	-1 132 500		-7 032 400	-640 497
Refusjonar				-19 094
Avdrag på utlån	-1 706 993	-2 000 000	-2 000 000	-3 287 265
Mva kompensasjon	-7 220 442	-5 350 000	-12 104 831	-8 795 015
Andre inntekter	0			-2 313
Sum ekstern finansiering	-45 828 180	-37 750 000	-87 287 293	-72 925 173
Overført frå driftsrekneskapen				
Avsetjing til ubunde investeringsfond				
Bruk av avsetjingar - ubundne	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-4 025 000
Bruk av avsetjingar - bundne	-310 781			0
Sum finansiering	-50 638 961	-42 250 000	-91 787 293	-76 950 173
Udekka/udisponert	0	0	0	0


Rekneskapsskjema 2B Investering (I helle kroner)	Regnskap	Budsjett oppriinneleg	Budsjett regulert	Rekneskap
	2019	2019	2019	2018
IKT, inventar og utstyr - disponert felles	2 123 314	1 500 000	2 386 935	1 715 383
Elektronisk meldingsutveksling	242 531	0	405 559	0
Årøyhaugen barnehage - uteområde	100 488	0	78 862	0
Energiøkonomisering	15 553	0	232 038	65 270
Hovudvedlikehald kommunale bygg	4 140 614	3 300 000	5 402 436	927 067
Flaumsikring Ørskogelva	0	0	513 042	0
Sjøholt skule - planlegging utbygging 1. b	2 498 310	0	5 338 835	38 317 982
Lagerteknisk	1 190 332	0	5 500 000	0
Brannstasjon planmidlar	0	0	0	1 211 079
Kjøp kommunale bustadar	288 750	0	0	0
Bustadfelt Iden	4 845 983	0	10 324 173	153 160
Regulering ridesenter	0	0	0	5 365 568
Rasvurdering bustadområde	0	0	500 000	0
Opparbeiding Sjøholt sentrum	1 011 335	0	2 000 000	2 285 738
Utvikling av Måsøyane	0	0	0	96 719
Tiltak Sjøholt sentrum	455 665	1 600 000	2 280 000	0
Omlegging kommunal veg bustadfelt Amdam	707 218	0	1 995 812	4 188
Kjøp av 3 tomter Amdam	0	0	2 550 000	0
Tiltak Ørskoghallen	0	0	1 591 750	0
Idrettsanlegg	9 640 813	8 500 000	10 341 750	0
Ørskog Kulturhus	2 212 104	750 000	2 200 000	0
Investeringstilskot kyrkja	92 548	100 000	100 000	1 200 000
Renovering glasmaleri Ørskog Kyrkje	0	0	400 000	0
Oppgradering brannvatn	0	0	59 215	0
Investering VAR - Vassforsyning	1 975 715	10 500 000	10 366 911	1 433 089
Trykkreduksjon Gjærdsleit	0	0	0	2 161 776
Investering VAR - Avløp	1 805 268	4 000 000	3 827 014	2 689 341
Avløp - utbygging nytt hyttefelt Vaksvik	0	0	500 000	0
Avløp - Ny avløpsledning Eggevegen	0	0	1 000 000	0
Avløp - Kum Amdam	0	0	500 000	0
Avløp - Renseanlegg Vaksvik	0	0	250 000	0
Avløp - Oppgradering silanlegg	0	0	300 000	0
Klede brannvesen	327 907	0	350 000	0
Opprusting kommunale vegar	6 627 575	8 000 000	10 856 473	2 409 767
Skilting av vegar m.m.	172 432	0	362 204	24 631
Trafikksikring	192 760	0	780 201	298 034
Postvegen	72 903	0	113 608	0
Opparbeiding av Øyravegen	93 995	0	0	451 528
Renovering bru Solnordalen	2 891 954		2 980 475	69 525
Kjøp av gnr 97 bnr 485				1 115 375
TOTALT	43 726 067	38 250 000	86 387 293	61 995 220

Politisk styring og kontrollorgan

Politisk styring og kontrollorgan har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 343 000 kroner i 2019. Dette skuldast i hovudsak at avsetjing til pensjon er lågare enn budsjettet.


KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)

Prioritet - Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	54	97	72	54
Haram (-2019)	101	202	133	95
Skodje (-2019)	135	346	219	150
Sandøy (-2019)	517	1 249	763	
Ørskog (-2019)	279	700	426	279
KOSTRAgruppe 13	88	89	86	88

Prioritet - Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	152	213	238	248
Haram (-2019)	441	434	429	530
Skodje (-2019)	712	704	541	602
Sandøy (-2019)	1 669	1 408	1 461	
Ørskog (-2019)	819	1 131	820	947
KOSTRAgruppe 13	267	302	274	343

I 2019 har kommunestyre og formannskap hatt slik samansetjing:

KOMMUNESTYRET	Medlemmar	Menn	Kvinner
Arbeiderpartiet	4	2	2
Høgre	3	2	1
Framstegspartiet	4	2	2
Fellesliste KRF/V	4	3	1
Senterpartiet	2	1	1
Samla	17	10	7

FORMANNSKAPET	Medlemmar	Menn	Kvinner
Arbeiderpartiet	1	0	1
Høgre	2	2	0
Framstegspartiet	1	0	1
Senterpartiet	1	1	0
Fellesliste KRF/V	2	1	1

Knut Helge Harstad (H) vart i februar 2017 vald som ny ordførar i Ørskog for resten av kommunestyreperioden.

Dei politiske organa i Ørskog kommune har i 2019 hatt følgjande antal møte og handsama følgjande antal saker:

Utval	Møter 2019	Saker 2019
Kommunestyret	8	76
Formannskap	8	88
Valstyret	0	0
Tenesteutvalet	5	40
Kommuneplanutvalet	10	65
Ungdommens kommunestyre	2*	8
Eldrerådet	4	16
RMF	4	15

*UKS hadde to møte i 2019, der det eine var eit fellesmøte med dei andre ungdomsråda i nye Ålesund kommune.

Kommuneleiing og stab

Kommuneleiing og stab omhandlar følgjande funksjonar:

- Rådmannen og rådmannen si leiargruppe
- Stab: Sørviskontor og økonomikontor
- Personal
- IKT
- Kultur
- Bibliotek
- Nærings
- Flyktningsteneste
- Frivilligsentral

Rekneskapen syner eit meirforbruk i høve budsjett på 254 000 kroner. Dette skuldast meirkostnadars knytt til planarbeid.

RÅDMANNEN SI LEIARGRUPPE

Ørskog kommune si overordna administrative leiing består av

- Rådmann
- Ass. rådmann - funksjonen som personalsjef for heile organisasjonen (HMS, IA, samarbeid med verneteneste og tillitsvalde, kontaktperson mot BHT etc.)
- Kommunalsjef - koordineringsansvar for oppvekstområdet og heilheitleg ansvar for flyktningstenesta

Stabsleiarar innafor økonomi og sørviskontor, samt einingsleiarane er med i rådmannen si utvida leiargruppe, som har månadlege møte. På grunn av arbeid prosessar knytt til etablering av ny kommune har det ikkje vore gjennomført like hyppige leiarmøte frå hausten 2019.

Etter at tilsette tidleg i 2019 var innplasserte i nye stillingar i ny kommune, har det vore forventa bidrag inn mot bygginga av nye strukturar i teneste- og stabsområda. Dette har teke mykje tid og fokus gjennom heile året.


KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)

Prioritet - Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	3 054	3 069	3 323	3 769
Haram (-2019)	3 043	3 252	3 545	3 628
Skodje (-2019)	3 860	3 606	3 584	4 169
Sandøy (-2019)	14 058	11 197	9 964	
Ørskog (-2019)	5 283	4 584	4 828	4 997
KOSTRAgruppe 13	3 155	3 260	3 567	3 833

Prioritet - Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	515	456	492	479
Haram (-2019)	173	653	175	147
Skodje (-2019)	271	292	332	284
Sandøy (-2019)	704	556	467	
Ørskog (-2019)	1 663	808	930	808
KOSTRAgruppe 13	348	394	410	421

Prioritet - Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	15	19	15	10
Haram (-2019)	-28	-65	-24	47
Skodje (-2019)	3	171	-152	153
Sandøy (-2019)	24	75	145	
Ørskog (-2019)	86	89	125	87
KOSTRAgruppe 13	133	141	139	113

Administrasjon og styring består av KOSTRA-funksjonane politisk styring, kontroll og revisjon, administrasjon, forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga og administrasjonslokar. Den posten som skil seg mest ut frå dei andre kommunane, er funksjon administrasjonslokaler. Elles er det naturlig at dei mindre kommunane brukar ein relativt større andel enn dei større kommunane på denne posten.

STAB

Økonomi, rekneskap og løn

Økonomiavdelinga hadde ved utgangen av 2019 ca. 3,5 årsverk. Avdelinga sine hovudoppgåver er:

- Føre rekneskap til Ørskog kommune
- Utarbeiding av samla årsbudsjett og økonomiplan for kommunen
- Finansforvaltning
- Yte støtte, rettleiing og rådgjeving på økonomiområdet

- Koordinere rapporteringsarbeid, inkl. KOSTRA-rapportering, frå Ørskog kommune
- Er kommunen sitt kontaktpunkt i forhold til Nordre Sunnmøre Kemnerkontor.
- Administrere kommunen sine skadeforsikringar
- Fakturering av brukarbetalingar og kommunale avgifter, inkl. vederlag for opphold på institusjon
- Innfordring av kommunale økonomiske krav
- Lønskøyring/lønsarbeid /pensjon/forsikring
- Administrere utleige av kommunale bustadar
- Startlån

Sørviskontoret

Sørviskontoret har ved utgangen av 2019 5 årsverk inkl. bibliotek, og Frivilligsentral. Av desse er 3,5 årsverk knytt til stabsfunksjonar på rådhuset.

- Sentralbordteneste
- Ekspedisjon, informasjon og rettleiing
- felles saksarkiv
- postbehandling
- fakturamottak og -scanning
- politisk sekretariat
- gjennomføring av val
- IKT og digitalisering
- Beredskap
- Kultur
- Næring

Sørviskontoret har fakturamottak for heile kommuneorganisasjonen. Fakturaer blir her lest inn elektronisk/scanna og elektronisk sendt ut i organisasjonen for vidare handsaming.

Sørviskontoret er kommunen sitt kontaktpunkt for innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre, oppdatering, informasjon og rettleiing vedk. innkjøpsavtalar og innkjøpssystem.

Alle tilsette ved sørviskontoret har i 2019 brukt mykje tid på arbeid med planlegging av Nye Ålesund kommune, og har delteke i ulike faggrupper og styringsgrupper innan områda arkiv, kommunikasjon, IKT, kultur, Bibliotek, ungdomsklubb, beredskap og innkjøp. Etablering av innbyggartorg har vore eit viktig område der det har vore brukt mykje tid på å få dette på plass og få ein smidig overgang frå gamal til ny kommune.

Beredskap

Ørskog kommune har eit godt og gjennomarbeidd beredskapsplanverk, basert på gjennomført heilsakleg ROS-analyse.

Planverk for fjellskred frå Åkneset er på plass. Ny overordna ROS-analyse for den nye kommunen kom på plass og etablering av psykososiale kriseteam er utført.

IKT og digitalisering

Drift av IKT i Ørskog er overført til eKommune Sunnmøre, der Ålesund kommune er vertskommune.

Det vert stadig stilt nye krav til digitalisering av tenester. Digital kommunikasjon skal vere førstevalet i offentleg forvaltning. Dette krev ressursar og kompetanse i forhold til gjennomføring av tekniske løysingar og integrering opp mot tenesteområda. Ørskog kommune er aktiv deltar i desse prosessane saman med andre kommunar i eKommune Sunnmøre.

Planar for implementering, kompetanseheving og effektiv bruk av systema er utarbeidde med tanke på å ta ut gevinstar av investeringane. Ørskog kommune er vidare aktiv deltar i ALV Møre i forhold til implementering av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestene.

I 2019 har styringsgruppe for Teknologi og Innovasjon arbeidd med å få på plass organisering av desse tenestene i Nye Ålesund. Det er eit omfattande arbeid som er gjort og som gjenstår for å få alt på plass når det gjeld felles implementering av fagsystem og rutiner.

Arbeidet med informasjonssikkerhet er det og auka fokus på, det er gjort eit førebuande arbeid på dette området i 2019, spesielt med tanke på personvern og GDPR-forskrift.

Flyktningkontor

Ørskog kommune hadde ikkje eiga flyktningteneste siste halvdel av 2019. Desse tenestene vart kjøpte frå Skodje kommune frå juli månad og ut året.

I 2019 vart det ikkje busett flyktningar i Ørskog, - og talet som Eining for integrering og kvalifisering i Skodje hadde ansvar for, vart i løpet av året redusert frå elleve til tre.

Kultur

Ørskog kommune har ikkje eiga kultureining. Ein del av forvalningsoppgåvene knytt til kulturfeltet er lagt til Sørviskontoret. Dette gjeld mellom anna plan for fysisk aktivitet, spelemiddelsøknadar, Ørskogprisen og kulturmidlar til lag og organisasjoner. Gjennomføring av Ungdommens Kulturmønstring (UKM) er også lagt til Sørviskontoret. Sett i høve kommunestorleiken bidreg Ørskog kommune med ganske store ressursar til lag og organisasjoner i kommunen.

01.07.2018 tok Ørskog kommune over Ørskog kulturhus som eigedom, og i 2019 har det vore gjort omfattande vedlikehaldsarbeid på huset, med reparasjon av tak og utskifting av glasbygg i foaje.

Ser ein på KOSTRA-tala for 2019, ser ein at kultur og idrett er eit prioritert område i Ørskog kommune. Vi brukar vesentleg meir pr innbyggjar både i høve KOSTRAGruppe 1 og dei andre kommunane som vert ein del av Ålesund kommune frå 01.01.20:

Prioritet - Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	1 435	1 460	1 552	1 713
Haram (-2019)	1 548	1 411	1 545	2 254
Skodje (-2019)	1 190	1 370	1 702	1 863
Sandøy (-2019)	2 055	2 194	2 401	
Ørskog (-2019)	2 397	3 292	2 904	3 846
KOSTRAgruppe 13	2 027	2 122	2 260	2 399

Ungdomsklubben

Året 2019 har vore eit innhaldsrikt år for klubben. Det er ei 20% stilling for å drifta ungdomsklubben, ellers er det frivillige foreldre som er vakt dei kveldane det er klubb.

Ungdomsklubben har målgruppe frå 8. trinn og oppover.

I 2018 starta juniorklubben, der målgruppa er mellomsteget på skulen (5.-7. klasse). Dette tilbodet har blitt populært.

Snitt på besøkande ligg på mellom 45 og 50 ungdomar.

Med ungdomsklubben og Juniorklubben har vi i snitt 70 brukarar kvar veke, noko som er veldig bra. Utfrå eit ønskje om at klubben skal vere ein plass for alle, vert det arbeidd for å gi eit mer variert tilbud og såleis nå endå fleire i dei ulike målgruppene.

Frivilligsentralen



Frivilligsentralen er lokalisert i Sjøholt sentrum. Ørskog kommune har ei stilling knytt til Frivilligsentralen. Frivilligsentralen er ut 2019 organisatorisk lagt inn under sentraladministrasjonen, og dagleg leiar rapporterer til stabsleiar. Det er i tillegg etablert eit eige styre for Frivilligsentralen.

Frå 1.1.2020 er Frivilligsentralen ein del av innbyggartorget på Sjøholt, organisatorisk lagt under kommunalområdet Kultur og medborgarskap.

På slutten av 2019 vart det beslutta at Frivilligentralen skal flytte inn i lokale i Sjøholt Næringsbygg (1. etg). Dette for å skape ei betre samhandling med resten av innbyggartorget, som også inkluderer biblioteket. Dette er i tråd med føringane som har vore lagt for innbyggartorga.

Frivilligentralen organiserer ulike aktivitetar for innbyggjarane i Ørskog:

- Sosiale møteplassar på dagtid: Kl. 11 – klubben treffest til kaffe og biljard kvar dag. Open kafè kvar onsdag , flyktingane brukar Frivilligentralen etter behov, gruppe innan psykiatri har fast tid mandagar og småbarnstreff kvar torsdag.
 - Ulike arrangement: Aktivitetskveld for funksjonshemma, temakveldar, opning av StikkUT-sesongen , strikketreff og strikkefest og nyttårsbad.
 - Frivilligentralen er koordinator for Ørskogdagane med bestillingar og kontakt med lag, organisasjonar og næringslivet.
 - Livsglede for eldre: 4 konserter på sjukeheimen og på Steinholts med den kulturelle spaserstokken og frivillige, støtta Pensjonistforeninga med midlar frå spaserstokken, følgje til sjukehus, dametreff og Demensskule for pårørande.
 - Hobbyaktivitet/kurs: lesegruppe, strikkecafear, juleverkstad på Frivilligentralen og biblioteket.
 - Trim/ folkehelse/StikkUt: merking og skilting av turstiar, organisering av StikkUt – gruppe som passar turmåla, aktiv på dagtid kvar onsdag.
 - Dugnad: Miljøpatrulje, kakelevering, dugnad på Elvastien, vatning og stell av ampler i sentrum, skogrydding i Hestvika, strandrydding i heile Ørskog og rydding i Kleiva.
 - Elvastien: Organisering av vedlikehald saman med Elvastiens venner.
 - Inkludering av nyinnflytta: Frivilligentralen har samla inn og formidla kle og skiutstyr, småbarnstreff med fleire nyinnflytta.
 - Frivilligentralen hjelper lag og org. etter behov: vidareformidlar info om aktivitet, finn frivillige t.d. aktivitetsvennar, kan sende søknadar, utlån av lokalet (ca. 60 gong) og utlån av utstyr.
 - Frivilligentralen har også i 2019 søkt og fått midlar til ulike prosjekt frå ulike instansar.
 - «FERIEGØY»: Tilbod om ferie- og helgeaktivitetar for barn for å utjamne sosiale ulikskapar, finansiert gjennom midlar frå BUF-dir. All aktivitet er gjennomført i samarbeid med Ørskog Røde Kors og flyktingenesta.
 - Dagleg leiar deltek på samlingar i Nettverket for frivilligentralar på Sunnmøre og Frivillig Møre og Romsdal. Møter også på samlingar for folkehelsekoordinatorane i fylket.
 - Frivilligentralen har vore med og registrert og verdset friluftsområda i Ørskog saman med planavdelinga og Friluftsrådet. Frivilligentralen har vore med på kommunen si ROS – analyse for elvane i Ørskog.
- Frivilligentralen har vore med i to faggrupper for nye Ålesund, for folkehelsekoordinatorar og Innbyggartorg.

Biblioteket

Ørskog folkebibliotek er lokalisert saman med rådhusfunksjonane i Sjøholt Næringsbygg, som frå 1.1.2020 er det ein del av innbyggartorget.

Kommunen har 50 % stilling knytt til biblioteket.

Biblioteket har i 2019 delteke i førebuingane med å slå saman biblioteka under ein paraply, med felles organisering og samspel i innbyggartorget. Biblioteka blir delt inn i faggrupper geografisk, og biblioteka har etablert eit godt samarbeid og er godt i gang med planlegginga.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Det er ikkje gjennomført medarbeidarkartlegging i 2019.

Det har vore svært lavt sjukefråver mellom dei tilsette i rådmannen si leiargruppe og øvrige tilsette i stab-/støttetenestene.

Det vert halde månadlege personalmøte for alle som har sin arbeidsplass knytt til rådhuset.

Kommunal planlegging

Arbeidet med overordna planlegging og reguleringsplanar er lagt til rådmannen sin stab. Det er her samla sett om lag 1,5 årsverk knytt til desse oppgåvene.

Ressursinnsatsen på planområdet har vore noko styrka sidan 2018, dette for å kome meir ajour på området.



Arbeidet med å utvikle Sjøholt som tettstad har hatt stort fokus også i 2019. Det har vore knytt ein eigen koordinator til prosjektet, som skal ende ut i ein ny reguleringsplan for Sjøholt sentrum. I 2018 var det stor aktivitet for involvering av ulike innbyggargrupper i planarbeidet. Det vart gjennomført ei rekke workshopar, folkemøte, møte med aktuelle grunneigarar, næringsdrivande, bruk av digitale møteplassar og plattformer etc. I tillegg har det vore gjennomført ei mulighetsstudie/parallelloppdrag med fleire arkitektfirma, med konkrete idear om kva ein kan få til i Sjøholt sentrum. På bakgrunn av dette materialet vart det utarbeidd framlegg til ny reguleringsplan for Sjøholt sentrum. Planen er lagt ut til offentleg ettersyn, og endelig politisk handsaming vil skje i Ålesund kommunestyre.



Øvrig planarbeid har fulgt prioriteringane i vedteken planstrategi. Vedtaket om å verte ein del av nye Ålesund kommune frå 2020 påverkar prioriteringa av kva planarbeid ein vil ha ferdigstilt før kommunesamanslåing, samtidig gjer vedtaket det enno meir naturleg å sjå planlegging over kommunegrensene i samanheng også i dei nærmaste åra. Mellom anna er Ørskog kommune aktivt deltakande i arbeidet med ein regional plan for areal, klima og transport. Det har vidare vore prioritert arbeid med ein eigen kulturminneplan for Ørskog. Denne vart også vedteke lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2019.

Av private reguleringsplanar kan nemnast at reguleringsplan for Amdam sør er endelig godkjend, her er kommunen involvert for å få utbetra avkørsleforholda til eksisterande bustadfelt. Likeeins har kommunen hatt ein del dialog med Statens vegvesen mellom anna for å få betra forholda for mjuke trafikantar i Sjøholt sentrum. Denne dialogen har mellom anna medført Statens vegvesen hausten 2018 overtak fotgjengarundergangen i Sjøholt sentrum og har i 2019 gjennomført utbetringstiltak på denne, samt at ein har fått redusert fartsgrense på E39 ved krysset/innkøyrsla til Sjøholt Vest.

Å tilrettelege for bustadbygging har vore eit anna fokusområde for Ørskog kommune dei siste åra. Det er inngått utbyggingsavtalar med fleire utbyggingsfirma/grunneigarar med tanke på utvikling av bustadområde på Iden, på Bjørkreitane og på Amdam.

Oppvekst

Oppvekstområdet omfattar følgjande einingar:

- Årøyhaugen barnehage
- Ørskog skule, inkl. Vaksenopplæringa og Kulturskulen
- Storfjorden PPT
- Storfjorden barnevern – Ørskog



Nye Ørskog skule stod ferdig til skulestart hausten 2018.

BARNEHAGE




- Ørskog kommune har pr. 31.12.19 ein kommunal barnehage (Årøyhaugen barnehage) og ein privat (Lande FUS barnehage).
- Hausten 2019 hadde den kommunale barnehagen 53 brukarar, medan den private barnehagen hadde 60 brukarar.
- Sakhandsaminga knytt til barnehageoppbak har vore ei prioritert sak, og ein har no lukkast med å gi raskt svar etter søknadsfristen 1. mars. Svar ut blir gitt så snart barnehageoppbaket er gjort, og alle skal ha fått

svar innan 15. mars. I og med at ein har god kapasitet, vert det elles praktisert løpende opptak gjennom heile året.

- Ørskog kommune betalar driftstilskot til den private barnehagen. Lov om likebehandling av kommunale og private barnehagar tilseier at den private barnehagen skal ha tilskot tilsvarende kostnadsnivået i dei kommunale barnehagane to år før budsjettåret.
- Som KOSTRA-tala syner ligg kostnadane på barnehageområdet godt over både andre kommunar som skal bli ein del av Ålesund kommune, og KOSTRA-gruppe 1. Dette er nok både ein konsekvens av god barnehagedekning, at det er prioritert fagkompetanse blant tilsette, og ikkje heilt optimal utnytting av avdelingane pga delvis ledig kapasitet.

KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	144 836,0	146 074,0	153 720,0	163 142,0
Haram				
Haram (-2019)	129 692,0	138 127,0	137 181,0	157 117,0
Skodje				
Skodje (-2019)	126 780,0	129 959,0	133 009,0	155 483,0
Sandøy				
Sandøy (-2019)	174 211,0	181 056,0	200 674,0	
Ørskog				
Ørskog (-2019)	160 124,0	175 361,0	182 853,0	189 018,0
Kostragruppe 13				
Kostragruppe 13	136 470,0	142 507,0	151 141,0	159 955,0

ÅRØYHAUGEN BARNEHAGE



Årøyhaugen barnehage er ein 4 avdelings barnehage organisert i 2 småbarnsavdelingar og 2 storbarnsavdelingar, med 9 barn på småbarnsavdelingene og 18 barn på storbarnsavdelingar. Barnehagen har små avdelingar når det gjeld talet på barn og vaksne, og eit fantastisk uteområde med utfordringar for alle aldersgrupper.

	Rekneskap budsjett	Opprinneleg budsjett	Regulert budsjett	Avvik Reg.budsjett	Rekneskap 2017
	2018	2018	2018		2017
Årøyhaugen barnehage	7922	7534	7369	388	7697

Rekneskapsmessig hadde barnehagen eit meirforbruk på 620 000 kroner i 2018. Dette skuldast uforutsette kostnader i eit stramt budsjett, samt at barnehagen fekk fleire bruaka og måtte auke bemanninga noko.

	2017	2018	2019
Tilsette	13,1 årsverk	13,1 årsverk	16 tilsette
Brukantar	50 barn	43 barn	53
Sjukefråver	12,6%	6,7%	10,1%

FOKUSOMRÅDE BRUKARAR

Fokusområde er at alle brukere skal føle trygghet og omsorg i et godt læringsmiljø med gode, stabile og trygge vaksne som ser det enkelte barn i barnehagekvardagen og gir det utfordringar og opplevingar som bidreg til ei god og aldersadekvat utvikling.

I foreldreundersøkinga i 2019 fekk ein gode tilbakemeldingar, og undersøkinga har elles vore brukt til kvalitetsforbetring i barnhagen.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Det har ikkje vore gjennomført medarbeiderkartlegging i 2019.

Fokusområde medarbeidrarar er at vi har eit trygt arbeidsmiljø der ting er oversiktlig og prega av gode rutinar, humor, latter og gjensidig respekt for kvarandre. Det er viktig at den einskilde føler seg høyrd og sett og får høve til å vere med og bidra i eit fellesskap og i eit team.

Fokus på HMS arbeidet både når det gjeld tryggleik, nærvær og godt arbeidsmiljø.

Sjukefråveret har i 2019 vore noko høgt. Arbeid med sjukefråversoppfølging har vore prioritert og fulgt opp rutinemessig.

HOVUDKONKLUSJON FOR BARNEHAGEOMRÅDET. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER:

Ørskog kommune har ledig kapasitet på barnehageområdet. Det vil vere viktig å ha fokus på å drive ein kvalitativt god barnehage med fornøgd brukarar, stadig utvikle tenestene, samt å bygge eit godt omdømme for den kommunale barnehagen.

Barnehagekvardagen har endra seg – større krav frå brukerane, service vert forventa, barna er meir utfordrande, familiane kjem frå mange ulike nasjonar med anna kulturell bakgrunn, vi skal sjå og femne om alle. Ein ser større krav frå Kunnskapsdepartementet, barnehagen er ein del av utdanningsløpet og det vert større fokus på testing og dokumentasjon. Større press og krav overfor dei tilsette kan også medverke til større sjukefråver.

Utfordringar har vore stramme budsjett å halde seg til som gjer at det ikkje kan settast inn vikarar ved sjukefråvær og anna fråvær som t.d ferie og permisjonar med lønn. Dette gjør at dei tilsette som står igjen i arbeidskvardagen ikkje strekker til i sine arbeidsoppgåver og ansvar og dette igjen fører til ein arbeidskvardag som ikkje kjennast positiv for den einskilde. Det handlar også om sikkerheit for små og store og det å kunne gje nok omsorg til dei som treng litt meir enn andre.

SKULE




ØRSKOG SKULE OG SFO

Skulane i Ørskog er samlokalisert i nytt skulebygg i Ryssebøvegen. Skulen framstår innbydande, og er godt tilrettelagt for læring. Det tek tid å bu seg inn i eit nytt bygg. Så langt har skulebygget svara til forventningane.

Skulen i Ørskog, vaksenopplæringa, SFO og skulefagleg ansvar hadde samla sett eit stort meirforbruk i 2019 på 2,7 millionar kroner sett i forhold til budsjett. Hovudårsaka til dette er kostnadskrevjande tiltak rundt enkeltelevar som det ikkje var teke høgde for.

KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)

Prioritet - Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	77 166,9	79 088,6	80 981,0	86 999,7
Haram (-2019)	91 227,5	91 804,8	100 986,3	101 945,0
Skodje (-2019)	82 935,1	83 513,2	93 323,4	100 883,5
Sandøy (-2019)	104 367,7	107 103,7	115 614,5	
Ørskog (-2019)	86 370,4	96 548,4	100 392,4	113 551,2
Kostragruppe 13	77 949,1	79 950,3	83 350,4	86 977,9

FOKUSOMRÅDE BRUKARAR

Målsetjingane for skulen er knytt opp mot opplæringslova og mot læreplanen.

Resultat av gjennomført elevundersøking i regi av UDIR vert offentleggjort gjennom Kvalitetsmeldinga for 2019.

Når det gjeld læringsmiljøet på skulen er dette noko som ein legg mykje arbeid i, og noko som krev mykje ressursar i skulekvardagen. Skulen har inngått eit samarbeid med PPT i arbeidet mot mobbing. Skulen er ikkje mobbefri, men alle episodar vert tekne tak i og melde til elevar og foreldre. Skulane har gjennomført elevundersøkinga også for 2019, og i evalueringa vert det arbeidd vidare med avvikande ting. Skulen har utarbeidd ein handlingsplan mot mobbing. Arbeid med å revidere denne er starta opp, og PPT bistår skulen i dette arbeidet.

FAU er også ein viktig samarbeidspartner. Skulen er fortsatt mobilfri for elevane, og alle klasser på mellomsteget og ungdomssteget praktiserer mobilhotell. Dette har to effektar, elevane driv ikkje med digital mobbing i skuletida og dei pratar meir med kvarandre.

Skulen har faste sosiale aktivitetar gjennom skuleåret, desse er også viktige for skolemiljøet. For å nemne noko har vi aktivitetsveke, fjellturar, uteskule m.m.

Skulen har også i 2019 store utfordringar når det gjeld spesialundervisning. Dei største utfordringane gjeld elevar med store sosiale åtferdsvanskar, som krev store ressursar, og som også gjer det utfordrande å halde den økonomiske ramma skulen er tildelt. Meir spesialpedagogisk kompetanse og kompetanse innanfor miljøarbeid, samt omorganisering av spesialundervisninga er tiltak skulen har jobba med i 2019.

Skulane i Ørskog har gjort store framsteg på IKT. Alle klasseromma har interaktive skjermar. Dette er det siste på marknaden for undervisning. Ørskog skule har god dekning på datamaskiner til elevane:

Frå mellomsteget og oppover er det 1:1

Småsteget 1:2

Vaksenopplæringa har maskiner 1:1

Rutinar for informasjon/dialog med foreldre har endra seg. Mobilskule (SMS) er teke i bruk, og skulane har eiga Facebook-side.

Elevane på vaksenopplæringa bruker datamaskiner som arbeidsverktøy. Alle testar og eksamen skjer digitalt. Vi ser at kunnskap om korleis ein kan nytte data ikkje er den beste –difor har dette vore eit satsingsområde hos oss, og vil vere det framover som ein del av den ordinære undervisninga i introduksjonsprogrammet.

Skulane samarbeider tett med andre einingar. Det er laga eigen plan for overgang mellom barnehage og skule. Skulen ved småkulesteget har laga ein aktivitetsplan for samarbeid med barnehagane våren 2019 for dei som skal starte i 1. klasse til hausten. Skulane er representert på samarbeidsmøte med PPT, rektormøte, nettverksmøte og anna som gjeld for alle kommunane i Storfjorden. Skulane har elles eit godt samarbeid med politi, legar, fysioterapeutar, barnevern, Sunnmøre Regionråd, koordinerande eining m.v.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Det var ikkje gjennomført medarbeidarkartlegging i 2019.

Sjukefråveret ved skulen er lavt. Alle tilsette som er sjukmeldt – eller står i fare for å bli sjukmeldt blir følgt opp i tråd med Ørskog kommune sine rutinar for IA-arbeid.

VAKSENOPPLÆRINGA

FOKUSOMRÅDE BRUKARAR

Målsetjinga er at vaksenopplæringa skal gi god norskopplæring til alle flyktningar og ein del arbeidsinnvandrarar i kommunen. Ved ledig kapasitet tek ein også inn betalingselavar frå andre kommunar.

Skodje kommune kjøper tenester frå Ørskog kommune på dette området.

Elevtalet gått mykje ned i og med at kommunane ikkje har teke imot nye flyktningar siste åra. Skulen har difor bemanna mykje ned i vaksenopplæringa.

Elevar ved vaksenopplæringa nyttar datamaskiner som arbeidsreiskap. Alle testar og eksamen skjer digitalt. Det vert jobba med å auke kunnskapen om korleis ein kan nytte dataverktøy.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Personalet ved vaksenopplæringa går inn som ein del av personalet ved skulane når det gjeld medarbeidarkartlegging og HMS-arbeid elles.

Dei tilsette og leiinga ved Ørskog vaksenopplæring skal halde seg orientert om regelverk og nye krav til opplæringa av framandspråklege og andre vaksne i ordninga. Tilsette har delteke på samlingar i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og har eit godt samarbeid med mellom anna Vestnes og Ålesund vaksenopplæring. Dei tilsette har vidare eit svært tett og godt samarbeid med flyktningstenesta i Ørskog og Skodje kommune.

KULTURSKULEN

FOKUSOMRÅDE BRUKARAR

Målsetjinga er at Kulturskulen skal vere ein synleg aktør og ein viktig kulturberar i lokalmiljøet

Det er arrangert eigne elevkonsertar til skuleavslutning (vår) og i kyrkja til jul i tillegg til mindre konsertar på skulen. Barnas Kulturmönstring (BKM) før påske. Ulike innslag i lokalmiljøet elles.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Personalet ved kulturskulen går inn som ein del av personalet ved skulane når det gjeld medarbeidarkartlegging og HMS-arbeid elles.

Det er fem lærarar direkte knytt til Ørskog kulturskule. Dei underviser innan fagområda tangentinstrument, strykeinstrument, gitar, bass, song, dans og introduksjonsfaget «karusell».

HOVUDKONKLUSJON FOR SKULANE. ÅRET SOM GJEKK OG UTFORDRINGAR FRAMOVER:

Det har vore lagt ned svært mykje arbeid frå både skuleleiing og alle andre tilsette knytt til utvikling og betring av læringsmiljøet ved skulane. Skulen har inngått samarbeid med andre einingar om dette arbeidet.

Skulane i Ørskog er ikkje mobbefri, men er opptatt av å følgje opp dei hendingane ein får melding om. Det er spesielt digital mobbing ein ser mykje av. Saman med føresette, PPT og forebyggjande avdeling hjå politiet arbeidar skulen for å betre skolemiljøet. Kommunen si satsing på deltaking i MOT-programmet er eit tiltak som ein håper også vil ha positiv effekt på læringsmiljøet. Skulane har gjennomført elevundersøkinga for 2018, og i evalueringa av desse arbeider vi vidare med avvikande funn.

Skulen har eit godt samarbeid med alle samarbeidande instansar.

Vaksenopplæring Flyktningar: Resultata på eksamen i både norsk munnleg og skriftleg, samt samfunnskunnskap har vore på det jamne. Ei av utfordingane er at nokre av elevane/flyktningane er utsolmodige etter å kome vidare, men dei har ikkje gode nok resultat til å bli teken opp på grunnskuleopplæringa og treng difor ekstra norskundervisning. Her er nok arbeidsinnsatsen til arbeidsinnvandrarane mykje betre

Spesialundervisning: Skulen har fleire elevar med spesielle utfordringar, som av og til treng eit anna tilbod enn det skulen kan gi. Nokre av dei utfordringane er svært ressurskrevjande og kostbare, og inneber kjøp av tenester hjå andre kommunar, skular eller bedrifter. Når skulen må setje i verk akutte og omfattande tiltak kan ein ikkje legge det inn i budsjettet på førehand. Dette kan gje skulen store overskridinger i budsjettet.

Storfjorden PPT er ei interkommunal pedagogisk-psykologisk teneste for kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Kontoret er lokalisert på Sjøholt, med Ørskog som vertskommune. Driftsutgiftene vert fordelt mellom samarbeidskommunane etter elevtal i grunnskulen. Ørskog kommune sin del er ca 23%. Kontoret har i 2019 hatt 5,4 årsverk fordelt på 7 personar, der 4 av årsverka er fagstillingar som skal yte tenester til dei fire samarbeidskommunane. Utgiftene er først og fremst knytt til personalkostander. Økonomisk resultat er eit lite mindreforbu i 2019.

FOKUSOMRÅDE BRUKARAR:

Storfjorden PPT sitt arbeid er heimla i Opplæringslova og Barnehagelova. Det er ei lovpålagt tenesete, og er ein rådgivande og sakkunnig instans når det gjeld utvikling, læring og trivsel for barn under skulepliktig alder, elevar i grunnskulen og vaksne med rett til grunnskuleopplæring. Tenesta skal også hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Storfjorden PPT opplever å verte mykje kontakta både av føresette og tilsette og tek ofte del på personal- og foreldremøte med faginnlegg og rettleiing.

Kontoret følgjer opp barn og elevar i 10 barnehagar og 9 skular i tillegg til vaksenopplæring i alle kommunane. Talet på brukarar er om lag 320 årleg, medan nye tilviste individsaker om lag 90 pr år. Sysatemsaker kjem i tillegg, gjerne i underkant av 10 nye saker kvart år.

Kontoret arbeider både med system- og individsaker for å sikre eit best mogleg opplæringstilbod til innbyggjarane. Arbeid med sakkunnige vurderingar for å sikre barn og elevar gode opplæringshøve vert gjort heile året.

Tidleg tverrfagleg arbeid vert veklagt. PPT tek del i ulike samarbeidsgrupper, der både helsesøster, barnehage, skule, lege og BUP er med.

Nasjonalt har det vore mykje fokus på innbyggjarane si psykiske helse og Opplæringslova lovfestar elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø. Ein ser ofte at vanskar med opplæring skuldast at elevane har psykiske vanskar. I alle samarbeidskommunane til Storfjorden PPT ser ein eit aukande behov for psykisk helsehjelp, som t.d. støttesamtalar over tid. Det er viktig å oppretthalde psykolog-kompetansen ved kontoret.

Arbeid med systemretta arbeid og organisasjonsutvikling er viktig arbeid for PPT-tenesta. Ein må arbeide for kompetanseheving i barnehagar og skular, slik at dei tilsette betre kan arbeide førebyggjande, avdekke og avhjelpe vanskar utan å måtte melde individsaker til PPT. For å lukkast med systematisk kompetanseheving og organisasjonsutvikling er det viktig at skuleeigar/barnehageeigar og PPT samarbeider tett.

HOVUDKONKLUSJON FOR EININGA. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER:

Storfjorden PPT leverer tenester med høg kvalitet innafor vedteken budsjetttramme. Kontoret får gode tilbakemeldingar frå brukarar og samarbeidspartnarar. Trivselen på kontoret er høg og sjukefråveret er lågt. Dette må vi arbeide systematisk for å sikre også i framtida.

Systemretta arbeid i nært samarbeid med skuleeigar og barnehageeigar er viktig for å sikre kompetanseheving og organisasjonsutvikling slik at ein kan legge til rette for meir tilpassa opplæring og med det redusere behovet for tiltak på individnivå.

Ved kommunesamanslåing frå 01.01.20 vil det interkommunale samarbeidet i Storfjorden PPT få ei anna form. I tida framover vil vi bruke tid på å etablere dette nye kontoret og sikre høg grad av involvering frå dei tilsette. Det er viktig å forsikre både dei tilsette og brukarar om at kvalitet og tilgjengeleight vil vere i fokus også når vi vert ein del av ei ny kommune.

STORFJORDEN BARNEVERN – ØRSKOG


Storfjorden barnevern er ei interkommunal teneste som dekkjer Skodje, Stordal, Norddal og Ørskog kommunar. Skodje kommune er vertskommune. Rådmennene i samarbeidskommunane er styringsgruppe for samarbeidet.

Storfjorden barnevern ivaretok ansvaret som ligg til Lov om barneverntenester, og kommunen sitt ansvar for tilsyn i fosterheimar.

Økonomisk resultat for 2019 er eit relativt stort meirforbruk på 942 000 kroner. Dette skuldast kostbare tiltak knytt til enkeltbarn og deira familiar.

KOSTRA (UREVIDERTE TAL 2019)

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	9 221	11 890	10 804	10 069
Haram				
Haram (-2019)	5 864	5 794	5 857	5 500
Skodje				
Skodje (-2019)	8 568	8 986	7 406	8 330
Sandøy				
Sandøy (-2019)	4 143	5 353	5 870	
Ørskog				
Ørskog (-2019)	6 263	7 248	7 777	9 633
Kostragruppe 13				
Kostragruppe 13	8 201	9 782	10 189	10 220

Helse




HELSEAVDELINGA

Helseavdelinga inkluderer desse tenesteområda:

- Helsestasjon: Jordmor, helsestasjon- og skulehelseteneste
- Legekontor
- Interkommunal legevakt mellom kommunane Vestnes, Norddal, Stordal og Ørskog
- Fysioterapi
- Psykisk helseteneste
- Interkommunal legevakt på natt, ØHD-tilbod, Krisesenter og Overgrepsmottak med Ålesund som vertskommune

Helseavdelinga leverer eit rekneskap i med eit meirforbruk på 187 000 kroner for 2019. Årsaka er knytt til behov for auka personellressurs på Ørskog interkommunale legevakt.

KOSTRA (UREVIDERTE TAL 2019)



FOKUSOMRÅDE BRUKARAR

Målsetjinga er å vere tilgjengeleg, og levere gode helsetenester til innbyggjarane. Helseavdelinga er sårbar med små fagområde på kvart ansvarsområde, men eininga har godt kvalifiserte medarbeidarar i alle stillingane.

Prosjektet «Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn» i regi av Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet involverer alle einingane som arbeider med barn og unge. Prosjektgruppa og Tverrfagleg team for barn og unge går igjennom korleis det blir arbeidd for å ivareta utsatte barn i vår kommune. Det er utarbeidd ein digital interaktiv modell, som skal synleggjere arbeidet både på kommune-, etat- og individnivå. Den digitale modellen «Trygge barn» ligg tilgjengeleg på kommunal heimeside og vart implementert i organisasjonen våren 2019.

Prosjektet «Auka kapasitet og tilgjengeleheit i skulehelsetenesta» starta hausten 2018 og har medført at helsesjukepleiar kan vere tilgjengeleg to dagar i veka i skulen. Erfaringa viser at tenesta blir godt utnytta, og at etterspørselet frå elevar og lærarar har auka. Skulehelsetenesta har tatt i bruk romslege, eigna og framtidsretta lokalar i ny skule. Lege og fysioterapeut er med ut i skulen.

Helseavdelinga tilbyr digitale løysingar mellom anna for bestilling av legekonsultasjonar og reseptar. Eininga nyttar facebook, heimeside og lokalavis frå å nå ut til innbyggjarane med aktuell informasjon.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Tilsette	2017 11,4 årsverk	2018 11,4 årsverk (inkl. 0,7 prosjektstilling)	2019 11,4 årsverk
Sjukefråver (%)	4,6%	3,6%	

Eininga har lavt sjukefårver og tett oppfølging av sjukemeldte. Einingsleiar gjennomfører årlege medarbeidarsamtalar med alle tilsette, og medarbeidarkartlegging vert gjennomført årleg for alle tilsette i kommunen.

Helseavdelinga har godt arbeidsmiljø og stabil personalsituasjon med autoriserte fagpersonar i alle stillingane.

Det var ikkje gjennomført medarbeiderkartlegging i 2019.

HOVEDKONKLUSJON FOR EININGA. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGANE FRAMOVER:

Helseavdelinga har godt arbeidsmiljø, og leverer gode tenester innanfor vedteken budsjetttramme. Eininga får gode tilbakemeldingar frå brukarane og samarbeidspartar. Det er ei utfordring å oppretthalde tenestenivået innanfor stadig meir pressa økonomiske rammer.

Mykje ressursar evari 2019 knytt opp mot planlegging av ny kommune. Prioriteringa blir å ivareta personalet i ei krevjande og usikker tid, når ein allereie er pressa i forhold til mange nye oppgåver.


Helseavdelinga har etablert gode samarbeidsarenaer og har tilpassa tenestetilbodet til det beste for innbyggjarane. Eininga blir fordelt på tre ulike kommunalområde i ny kommune, men målet må vere at ansvarsområda kan halde fram med å tilby gode, tverrfaglege tenester. I vår nye kommune vil vi på fleire område få meir robuste tenester og eit større mangfold i tilbodet til innbyggjarane. Sjølv om Helseavdelinga har hatt stabilt og kompetent helsepersonell gjennom år, så er avdelinga sårbar når medarbeidarar er borte grunna sjukdom, ferie, osb.

NAV Storfjorden - Ørskog

Sosialtenesta er organisert i NAV Storfjorden, eit interkommunalt samarbeid etter Kommunelova § 27, saman med kommunane Skodje, Stordal og Norddal, sami i eit partnarskap mellom kommunane og NAV Møre og Romsdal. Frå 01.01.17 er organisasjonsmodellen endra til eit vertskommunesamarbeid etter Kommunelova § 28b, med Skodje kommune som vertskommune.

Sosialtenesta har hatt eit overforbruk i forhold til budsjett i 2019 på kr 102 000 kroner. Dette skuldast at etterspørselet etter økonomisk sosialhjelp er høg i Ørskog kommune.

KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)



HOVUDKONKLUSJON FOR EININGA. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER.

Antal mottakarar av økonomisk sosialhjelp gjekk opp i 2019. I tida som kjem er det meir truleg at antal mottakarar av økonomisk sosialhjelp vil auke framfor å gå ned. Bakgrunnen for ei slik prognose er utviklinga i arbeidsmarknaden samt busetting av flyktningar i kommunen.

NAV Storfjorden fokuserer på ytterligare samhandling med næringslivet i regionen. Dette skal auke overgangen til arbeid for dei som står utanfor arbeidslivet. NAV Storfjorden held fram med å styrke veiledningskompetansen blant dei tilsette. NAV-kontoret vil prioritere gode tenester innanfor arbeidsinkludering. For å lukkast med dette vil det vere avgjerande å gjennomføre planlagde brukermøter og gå bort fra dagens situasjon der mykje av kontakta mellom NAV-kontoret og bruker skjer ved «drop-in» i publikumsmottak.

Desentralisert organisering med tilsette som er fordelt på fire lokasjonar er utfordrande for effektiv tenesteproduksjon. Ei meir effektiv organisering av NAV Storfjorden vil vere avgjerande for å sette kontoret i stand til å møte utfordringar som venter. Auka busetting av flyktingar, fleire langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp, auka arbeidsløyse og eit arbeidsliv som stiller strengare krav til formell kompetanse krev at NAV møter utfordringane på anna vis enn gjennom fokus på opningstider i publikumsmottak.

Pleie og omsorg



Pleie- og omsorg tenestene i Ørskog omfattar følgjande tenesteområde/einingar:

- Ørskog omsorgssenter
- Heimetenestene
- Bu- og habiliteringstenesta
- Støttekontakter
- Dagsenter for demente

Dei siste åra har vore prega av arbeid med omstilling innafor tenesteområda helse og omsorg. Bakgrunnen er nye statlege føringar, endra behov hos brukarane av tenestene, samt endra økonomiske rammevilkår for kommunesektoren.

Innføring av samhandlingsreforma har medført eit auka behov for styringsinformasjon både for kommunar, regionale helseføretak og sentrale myndigheter. Dette inneber både informasjon om innbyggjarane sin helsetilstand, samt bruken av spesialisthelsetenester. I tillegg har kommunen bruk for informasjon om korleis eigne kommunale tenester er innretta, for å kunne sjå kva tiltak som kan setjast i verk for å kunne dreie ei utvikling i ønska retning. I samband med innføringa av samhandlingsreforma, er det utvikla og gjort tilgjengelig ulike typar helsestatistikk, som blant anna folkehelseprofil. Profilen viser hovudtrekk i kommunen si folkehelse og statistikk for bruk av spesialisthelsetenester i kommunen. Det vart i 2014 utarbeidd ein eigen rapport «Samhandlingsrefomen - analyse av styringsdata», som er basert på statistikk frå Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og SSB, supplert med eigne data, og dannar eit godt bilete av både status og av utfordringane Ørskog kommune står overfor.


Regjeringa legg gjennom folkehelsemeldinga <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/folkehelse/innsikt/folkehelsemeldingen--mestring-og-muligheter/id2403403/> føringar for at den enkelte skal kunne meistre livet sitt sjølv. I tillegg fekk vi i 2018 Meld. St. 15 (2017-2018) – **Leve heile livet** – som er ein kvalitetsreform for eldre. <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/innsikt/leve-heile-livet/id2547684/>. Målet er at alle eldre skal få bedre hjelp og støtte til å mestre livet. Leve hele livet skal handle om de grunnleggende tingene som oftest svikter i tilbuddet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og sammenheng i tjenestene.

I Ørskog kommune ser vi at vi driv godt på fleire område i dag, men vi blir stadig utfordra på å tenke nytt. Her er fleire faktorar som tilseier at tenestene på alle område må endre seg i takt med samfunnsutviklinga elles for å vere berekraftige. Økonomiske rammer, endringar i alderssamsetjing og endra krav til tenestene, både med tanke på kvalitet og omfang tilseier at vi må satse på å bygge opp heimetenestene, slik at flest mogleg kan bu trygt i eigen heim heile livet. Vidare må vi satse på forebyggande aktivitetar, og tiltak som kan gjere innbyggjarar sjølvhjelpte så lenge som mogleg. Dagtilbod for heimebuande demente, prosjekt knytt til kvardagsrehabilitering og ulike prosjekt knytt til velferdsteknologi er døme på slike tiltak.

Mykje godt arbeid er gjennomført dei siste åra, og vi ser at at vi er på god veg i forhold til dei målsetjingane vi har sett oss. Talet på institusjonsplassar er redusert i tråd med målsetjinga, og ein har opna 7 nye

omsorgsbustadar med heildøgns omsorgstilbod, og det er generelt satsa mykje på heimebaserte tenester. På denne måten er ein i stand til å gi trygge og gode tenester til innbyggjarane, samstundes som ressursbruken er redusert. Dette arbeidet må halde fram også når Ørskog blir ein del av Ålesund kommune. Vi vert stadig utfordra i forhold til endringar både i demografi og i økonomiske rammer, og må vere budde på at tenestetilbodet kontinuerleg må vurderast og justerast i tråd med nye behov og rammelektorar.

KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)



	2015	2016	2017	2018
Ålesund	16 034	16 945	17 919	21 332
Skodje	15 361	15 383	16 233	16 746
Ørskog	16 460	16 056	16 167	17 392
Sandøy	24 767	25 844	26 019	27 061
Haram	16 923	17 806	19 379	20 537
Kostragruppe 01	18 219	17 608	17 094	18 558

ØRSKOG OMSORGSSENTER

Omsorgssenteret har hatt eit stort meirforbruk i høve revidert budsjett for 2019, med meir enn 1,1 millionar kroner. Dette trass i at det vart tilført auka ressursar i budsjettrevisjonen etter både 1. og 2. tertial. Ein ser at rammer og driftsnivå ikkje har vore i samsvar når det gjeld institusjonen til tross for stram økonomistyring gjennom heile året.

I 2019 har ein hatt 17 plassar i bruk; fordelt på 10 langtidsplassar i skjerma eining for demente og 7 somatiske korttidsplassar.

Tilsette	2017	2018	2019
Brukarar	10+7	10 + 7	10+7
Budsjett/Resultat	-723 007	1 447 975	1 162 000

Sjukefråver	4,9%	13,2% sjukeheim og 0,6% kjøkken	4,3%
-------------	------	---------------------------------	------

HOVUDKONKLUSJON FOR EININGA. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER:

Vi oppsummerer driftsåret som eit krevande og aktivt år. Stadig meir ressurskrevande brukarar setter større krav til kompetanse på alle plan. Samansetninga av pasientane er i stor endring. Pasiantar vert tidlegare skreve ut frå sjukehuset med til dels komplisert pågående behandling. Det har vore utfordrande å klare å skaffe tilfredstilande sjukepleiekompetanse på alle vakter, i tillegg vert det over tid ein ikkje ubetydelig økonomisk konsekvens i høve desse brukarane. Vi ser at sjukeheimen har for liten andel sjukepleiarar til å handtere dei utfordringane som vi har og som vi veit vil kome mellom anna til denne type brukarar. Samstundes kan vi konstatere ein aktiv og dynamisk bruk av korttidsplassane; som er både fagleg utfordrande og inspirerande for personalet vårt. Det er gledeleg å konstatere at eininga har ein sjukepleiar som no tek vidareutdanning i Avansert og klinisk sjukepleie ved Høgskulen i Molde.

HEIMETENESTENE

Heimetenestene yter tenester innafor områda heimesjukepleie og heimehjelp. Dagsenter for heimebuande demente organisatorisk plassert under heimetenestene

Eininga har eit meirforbruk på vel 500 000 kroner i 2019. Dette skuldast meirforbruk på løn og vikarar. Det har vore god økonomistyring gjennom heile året, men auka sjukefråver fører også til auka kostnader. Spesielle behov hos brukarar og ein krevande situasjon med tilstrekkeleg sjukepleiarkompetanse er også eit forhold vi vil trekke fram.

Tilsette	2017	2018	2019
Brukarar		18+7	18+7 omsorgsbustader 76 brukarar i bygda
Budsjett/Resultat	-366 733	260 568	511 853
Sjukefråver	6,5%	7,1%	7,7%

HOVUDKONKLUSJON FOR EININGA. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER:

2019 har vore eit krevande driftsår. Sjukefråveret ligg om lag på same nivå som 2018. Avdelingsleiar manglar merkantil støtte og nyttar mesteparten av arbeidstida si til oppgaver knytta til dagleg drift; som vaktadministrasjon og varebestilling. Det er til dels god dekning av fagfolk i stillingane, men rekruttering av sjukepleiarar er til tider vanskelig. Gjennom året har ein hatt ein del vakante helgar i turnus; noko som krev stadig oppmerksomhet og arbeid frå avdelingsleiar. Heimetenestene har ansvar for 7 omsorgsplassar med heildøgn omsorg på Steinaplassen (tidlegare avd. A på Ørskog sjukeheim) og 17 bustader på Steinholt busenter. I tillegg kjem brukarar ute i bygda; om lag 60 brukarar i 2019.

I 2019 har ein arbeidd med å fase ut dei gamle analoge trygghetsalarmane for å erstatte desse med nye digitale alarmer. Dette arbeidet vert ferdigstilt tidleg i 2020. Samarbeid med Telemark alarmsentral har gitt nyttige erfaringar. Personalet ved sjukeheimen er no fristilt fra arbeidet med å handtere dei gamle alarmane. Ein vil halde fram arbeidet med å implementere ny velferdsteknologi til nye brukarar. Drifta har vore stram i 2019. Erfaringar ein sit igjen med at brukarane blir stadig eldre og krev meir av tenesta. Utfordringa er å tilby rett type teneste, og dette blir svært krevande når brukarane raskt får behov for eit høgare nivå i omsorgstrappa. Samhandlingsreforma gjer seg utslag i raske utskrivningar og heimetenesta får ansvar for stadig meir

kompliserte sjukdomstilstandar hos brukarane. Dette stiller stadig større krav til sjukepleiekompetansen i tenesta. Gjennom stortingsmeldinga «Leve hele livet» er det lagt viktige føringar for at alle skal kunne meistre kvardagen på eiga hand så lenge som mogleg. Ulike forbyggande tiltak er her viktig for å kunne dette målet. Dagsenter for heimebuande demente er eit slik tiltak og vi har i 2019 hatt i snitt 4 brukarar fordelt på tirsdagar og torsdagar på Jentekolonien i Skodje. Kvardagsrehabilitering vart starta opp i 2017 og vidareført i 2018. I 2019 er ein ikkje komen i mål med planen om å implementere metodikk for kvardagsrehabilitering for personalet i heimenesta. Plan for kvardagsrehabilitering er ferdig.

BU- OG HABILITERINGSTENESTA

Butenesta gir heilheilige tenester for menneske som av ulike årsaker har behov for tilrettelegging og oppfølging i eigen heim gjennom heile livet, samt tilrettelagt aktivitetstilbod.

Eininga har eit stort meirforbruk, meir enn 2,1 MNOK i 2019. Dette skuldast auka behov knytt til enkeltbrukarar.

Tilsette	2017	2018	2019
Brukarar		18+7	18+7 omsorgsbustader 76 brukarar i bygda
Budsjett/Resultat	-366 733.-	260 568.-	511 853
Sjukefråver	6,5%	7,1%	7,7%

HOVUDKONKLUSJON FOR EININGA. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER:

Butenesta skal ha som hovedmål å gi heilheilige tenester til psykisk utviklingshemma brukarar som har behov for tilrettelegging og oppfølging i eigen heim. I tillegg har ein ansvar for tilrettelagte aktivitetstilbod.

Butenesten har hatt eit aktivt driftsår. Sjukefraværet har gått noko opp og dette har gitt utfordringar i drifta. Alle som er sjukmeldt eller står i fare for bli sjukmeldt, har blitt fulgt opp i tråd med retningslinjene for kommunen sitt IA-arbeid. Ein har her så vidt starta eit arbeid med risikokartlegging av arbeidssituasjonar ute hos brukarane for å vurdere i kva grad dette påverkar sjukefråværet. Alle vertskommunebrukarane bur på Hallvarmarka. Eininga har prioritert arbeidet med å styrke kompetansen og mellom anna starta opp kompetanseprogrammet «Mitt Livs ABC» som er spesielt innretta mot tilsette utan fagutdanning, men også fagarbeidarar og høgskuleutdanning som arbeider innanfor dette fagområdet. Ein venter at dette vil gi eininga eit viktig løft inn i ny kommune. Med etterhald om at rekneskapen er avslutta og alle inntekter er kommet med, må ein skuffa konstatere eit negativt driftsresultat for Butenesta kva angår 2019. Det kan se ut til at alle inntekter gjennom statlege refusjonar ikkje er kommet med i rekneskapen. Det skal her også tilføyast at vi utover hausten 2019 måtte endre vedtak rundt ein brukar opp til 1:1-bemanning.

HOVUDKONKLUSJON FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE. ÅRET SOM GJEKK. UTFORDRINGAR FRAMOVER:

Dei viktigaste fokusområda har i 2019 vore:

- Fagleg forsvarleg tilbod, i mest mogleg grad tilpassa den einskilde brukar. Vi prøver å legge vekt på brukarens behov der vi vil finne ut kva som er viktig for pasienten; og ikkje kva vi kan hjelpe han med. Desse tilboda har vi jobba hardt med å få til innanfor dei økonomiske rammene vi har disponert, men vi må oppsummere at vi ikkje kom i mål på dette punktet.
- Eit godt og utviklande arbeidsmiljø for våre tilsette som er både forsvarleg og som utfordrar dei.

Vi har hatt ein svært aktiv bruk av kortidsplassar noko som er fagleg utfordrande og inspirerande for personalgruppa.

- Godt samarbeid på tvers av einingane; spesielt sjukeheim og heimeteneste. Samarbeid mellom anna i ferieavvikling for å sikre god sjukepleiekompetanse til stades.
- Kommunereformarbeidet. Dette arbeidet startet opp hausten 2018. Det har vært som ei krevende, men utviklende «reise» inn mot den nye kommunen. I dette arbeidet har vi blitt kjent på tvers av tidligere kommunegrenser og knytt nye kontakter innenfor samme kommunalområdet. Det er ikkje tvil om at læringskurven har vore bratt; men samtidig har vi fått ein unik mulighet til å ta aktivt del i eit kommunereformarbeid; på godt og vondt, og det er ikkje alle som får nettopp den muligheten.

Utfordringa for 2019 var å få ned sjukefråværet. For sjukeheimen og Heimetenesta har ein delvis lykkes med det, men for Butenesta er det stadig utfordringar knytta til sjukefråværet. På slutten av året starta vi ein diskusjon rundt bruk av risikoanalyser mellom anna for å kartlegge og identifisere risiko knytt til vanskelige arbeidssituasjoner og ergonomi ute hos brukarane. I 2019 var det gjennomført kurs i forflytningsteknikk i regi av Stamina der nær samlege tilsette deltok. Ein ser det som svært viktig å utvikle slik kunnskap for å forebygge slitasje- og belastningsskader i personalgruppa.

Kompetanseheving:

- Einingane har arbeidd systematisk med kompetanseheving innanfor mellom anna forflytningsteknikk, Proact, velferdsteknologi og Mitt Livs ABC.
- Samarbeid med pårørande til ulike typer aktivitetar og turar.
- Proact: vi har no instruktørar som underviser i systematisk pasientobservasjon. Dette er viktig kompetanse der ein har som mål å fremme pasientsikkerhet gjennom systematisk observasjon av pasienter som er inne i ein forverring av sjukdomstilstanden slik at adekvate tiltak kan settes inn og avverge at ein pasient til dømes må innlegges på sjukehus.
- Velferdsteknologi: vi har no komptanse innanfor heimetenesten på digitale trygghetsalarmer og anna utstyr innanfor velferdsteknologi. Plan for innføring av velferdsteknologi er ferdig.
- Mitt Livs ABC: Butenesta har starta opp dette programmet i regi av Nasjonal kompetanseteneste for aldring og helse. I Møre og Romsdal er det USHT; utviklingsenter for sykehjem og hjemmetjenester som kjører denne kompetanseutviklinga. Det overordna målet er å bidra til betre livskvalitet, betre tenester og betre rettsikkerhet for personar med psykisk utviklingshemming. Vidare at alle personer med utviklingshemming blir møtt med forståelse og respekt og at dei får nødvendig hjelp og oppfølging. Butenesta har ca. 12 tilsette som deltar i programmet.
- Læringsnettverk: Vi har jobba med systematisk forbettingsarbeid mellom anna med prosedyrer og tavlemøter på sjukeheimen. «Kva er viktig for deg»-dagen 6.juni vart markert i alle våre tre einingar.
- Kvardagsrehabilitering: Plan for kvardagsrehabilitering er ferdigstilt, men ikkje implementert.
- HMS og arbeidsmiljø, sjukefråvær og arbeidsnærvær: Einingsleiar har hatt systematisk og fast fokus på HMS- og arbeidsmiljø; samt sjukefråvær og arbeidsnærvær i alle sine leiarmøter. Det blir også forventa at alle avd.leiarar har fokus på dette i sine personalmøter
- HMS, kvalitet, kompetanse- og utviklingsarbeid, omstilling og tilpasning til nye krav. Avdelingane er godt i gang med utvikling- og kompetanearbeid knytt til innføring av velferdsteknologi, mellom anna Velferdsteknologiens ABC.

Tekniske tenester



Tekniske tenester omfattar følgjande ansvars- og tenesteområde:

- Byggesak
- Utlegebustader
- Kommunale eigedommar
- Kaianlegg
- Feiing, tilsyn
- Renovasjon
- Slamtømming
- Brann- og oljevern
- Kart- og oppmålingsarbeid
- Planlegging / regulering
- Opparbeidning utbyggingsområder
- Veganlegg – private vegar - kommunale vegar
- Trafikktrygging
- Gatelys
- Parkar, plassar m.m.
- Vassforsyning
- Avløp og rensing
- Faste stillingar knytt til drift ved Ørskoghallen og Ørskog Kulturhus vore organisert under teknisk avdeling.

TEKNISK AVDELING

Samla har teknisk avdeling eit meirforbruk på om lag 930 000 kroner for 2019, fordelt på tre ansvarsområde: teknisk avdeling, eigedomsdrift og VAR-området. Meirforbruket knytt til høg aktivitet gjennom heile året, samt gjennomføring av prosjekt som vart noko dyrare enn estimert.

Det har gjennom heile 2019 vore svært høg aktivitet i ulike prosjekt teknisk avdeling har vore involvert i. Dette gjeld både på eigedomssida, på kommunale vegar og innafor VA-området.

Desse prosjekta har vore prioritert i 2019:

Kommunale bygg:

Årøyhaugen barnehage: sikring av uteareal

Årøyhaugen barnehage: skisseprosjekt rehabilitering og oppgradering

Ørskog omsorgssenter: solskjerming, vifte kjøkken, dørropnar skyllerom

Ørskog omsorgssenter: nytt golvbelegg

Ørskog omsorgssenter: søppelrom

Helsestasjon: nytt golvbelegg

Legekontor: nytt golvbelegg

Steinholt busenter: dører for rullestolbruk

Steinholt busenter: søppelrom

Ørskog kulturhus: rehabilitering, skifte av glasbygg (foaje), skifte av tak

Kommunale vegar:

Ny Solnør dal bru

Idenvegen

Stenging Årøyvegen

Planlegging av nytt bekkeinntak PeLars-elva

Asfalteringsarbeid kommunale vegar

Minimumsvedlikehald Bygdevegen

VAR-området:

Høgdebasseng Gjærdsle

Oppstart arbeid med ny kloakkledning Amdam

HMS-tiltak silanlegg Sjøholt sentrum

Nytt teknisk lager Haukåsen

Andre prosjekt:

Idrettsanlegg: Friidrettsbane og 9'er kunstgrasbane

Planlegging tiltak ift isgang i Ørskogelva

Landbruksforvaltninga

NORDRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR




Nordre Sunnmøre Landbrukskontor er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stordal, Ørskog, Skodje, Sula og Ålesund. Ørskog kommune er vertskommune, og tenesta er lokalisert på Ørskog råhus. Rådmannsutvalet er styringsgruppe for samarbeidet.

Landbrukskontoret hadde rekneskapsmessig eit lite mindreforbruk i 2019.

Tilsette	2017 Landbruksjef 100% Rådgjevar 100% Rådgjevar 40% innleidd frå Haram Rådgjevar 60% vakant	2018 Landbruksjef 100% Rådgjevar 100% Rådgjevar 40% innleidd frå Haram Rådgjevar 60% vakant	2019 Landbruksjef 100% Rådgjevar 100% Rådgjevar 40% innleidd frå Haram Rådgjevar 60% vakant
Brukarar	Gardbrukarar/grunneigarar i dei 5 medlemskommunane	Gardbrukarar/grunneigarar i dei 5 medlemskommunane	Gardbrukarar/grunneigarar i dei 5 medlemskommunane
Budsjett/Resultat	Ørskog: 550 000/431 373	Ørskog: 511 890/446 319	Ørskog:
Sjukefråver			Under 0,2 %

KOSTRA (UREVIDERTE TAL FOR 2019)

Prioritet - Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	8	8	5	7
Haram (-2019)	112	134	140	96
Skodje (-2019)	123	0	0	0
Sandøy (-2019)	141	143	149	
Ørskog (-2019)	229	-24	454	343
Kostragruppe 13	46	47	52	62

FOKUSOMRÅDE BRUKARAR

Våre brukarar er gardbrukarane i alle medlemskommunane, samt grunneigarar og andre som har behov for våre tenester.

God landbruksforvaltning i alle 5 medlemskommunane bidreg til at brukarane har dei ramme dei skal ha rundt sin produksjon. Aktivt landbruk er positivt for lokalsamfunna både ved matproduksjon, busetnad og kulturlandskap

Målsetjingane for tenesta er å yte god og rask sakhandsaming, oppfølgjing av driveplikta, delta i prosjekt saman med andre kommunar og det regionale leddet.

All tilskotsforvaltning er utført i rett tid. Anna rapportering og statistikk til rett tid. Delingssaker etter jordlova har vi sett ein reduksjon i for kommunane Ålesund og Sula etter at dei har fått ny kommuneplan. Eller er tal sake på same nivå som tidlegare år. Det har våre lite aktivitet i skogbruket dette året.

Skodje kommune arbeider med ny kommuneplan, dette arbeidet har vi våre deltagande i.

FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Vi er del av Ørskog rådhus og deltek på opplæring og HMS arbeidet her. Vi har lågt sjukefråver.

Vi deltek og på samlingar og kurs i regi av Fylkesmannen og andre, som er relevant for vårt saksfelt.

Vi har og delteke i arbeid med ny organisering av landbruksforvaltninga i ny kommune.

KYRKJELEGE FORMÅL OG ANDRE TRUDOMSSAMFUNN




Tenesteområde:

- Kyrkjer
- Andre religiøse føremål
- Kyrkjegardar


Rekneskapen for 2019 syner eit mindreforbruk på ca 12 000 kroner i forhold til budsjett på desse områda.

Prioritet - Netto driftsutgifter til kirke pr. innbygger i kroner




	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	618	631	649	633
Haram				
Haram (-2019)	652	671	726	745
Skodje				
Skodje (-2019)	426	442	481	450
Sandøy				
Sandøy (-2019)	1 216	1 010	1 151	0
Ørskog				
Ørskog (-2019)	740	750	756	688
Kostragruppe 13				
Kostragruppe 13	490	503	533	530

Prioritet - Netto driftsutgifter til funksjon 392 tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger




	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	38	53	58	65
Haram				
Haram (-2019)	26	27	0	147
Skodje				
Skodje (-2019)	13	32	33	38
Sandøy				
Sandøy (-2019)	51	50	120	0
Ørskog				
Ørskog (-2019)	73	75	81	55
Kostragruppe 13				
Kostragruppe 13	66	74	81	77

Prioritet - Netto driftsutgifter til kirke pr. innbygger i kroner



	2016	2017	2018	2019
Ålesund				
Ålesund (-2019)	618	631	649	633
Haram (-2019)	652	671	726	745
Skodje (-2019)	426	442	481	450
Sandøy (-2019)	1 216	1 010	1 151	0
Ørskog (-2019)	740	750	756	688
Kostragruppe 13	490	503	533	530



Ørskog kommune 2019